



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 229/9 - Skår - mudring og sprenging i sjø - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.07.2022. Saka gjeld søknad om fjerning av grunne i sjø og etablering av flytebyggje med landgang.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF og bruk og vern av sjø. Tiltaket ligg vidare innanfor omsynsson bevaring naturmiljø (H560) og faresone ras- og skredfare (H310). Det vert søkt om dispensasjon frå plankrav, arealføremål og tiltak i 100-metersbeltet.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er registrert eit større raste- og beiteområde for fugl i området og i kommuneplanen er lagt inn ei omsynssone for bevaring av naturmiljø. Det omsøkte tiltaket er omfattande, med ein flytebyggje på 68 meters lengde og fjerning av ei grunne. Tiltaka vil vere i strid med formål på land og i sjø, og med byggeforbodet i 100-metersbeltet. Det er også søkt om dispensasjon frå plankrav.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket vil påverke landskapet i vesentleg grad, og kan påverke naturmangfald negativt. Tiltaka rører ved viktige omsyn i strandsoneforvaltninga. Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det er grunnlag for dispensasjon frå verken byggeforbodet, formåla i kommuneplanen, eller plankravet.



Vi har forståing for at verksemda har fått nye behov, men storleiken på tiltaka og verdiane i området taler for ein grundigare prosess i denne saka.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN